



Frå den store internasjonale festen i samband med TV-aksjonen.

**Siste året har det vore mange internasjonale arrangement i Kvinnherad. Mange av dei er eit resultat av at Møteplassen for inkludering vart etablert i regi av Kvinnherad Røde Kors for om lag eit år sidan. Desse arrangementa med oppmøte av fastbuande og tilflyttarar frå mange land, har vore særskjellige og interessante å delta på. Onsdag er det internasjonal kulturfest i Raulø i Rosendal, og i samband med det har vi motteke følgjande pressemelding:**

Kvinnherad Røde Kors sin Møteplass for inkludering rundar snart av sitt første år som eit samlingspunkt for folk frå ulike kulturar. Vi rundar av årets aktivitetar med ein kulturfest i Raulø i Rosendal onsdag 30. november kl.18.00. Medlemar av møteplassen diskar opp med mat frå sine heimland. Kanskje blir det litt dans frå ulike land/kulturar, og også ein liten quiz med premie til vinnarlaget.

Vi håpar gamle og nye, store og små medlemar tar turen. Er du berre nysgjerrig på kva møteplassen er, må du òg gjerne stikka innom. Arrangementet er alkoholfritt, og det er kostar ingenting å koma inn. Velkomne skal de vera.

Helsing  
**Oddrunn R. Steinsland**  
**Vigdís Gammelsæther**  
**Elisabeth Berg Hass**

PS: Møteplass for inkludering: Kvinnherad Røde Kors har eiga facebook-side. Der finn de meir om aktiviteteten deira.



[Å bli kjend med andre kulturar og smaka på internasjonal mat gjev alltid ei god oppleving.](#)

Arkivfoto: Ragnhild Røstbø

Nett: Thor Inge Døssland.